



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

GULLFJORDUNGEN SKULE



02.11.09 – 05.11.09



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Gullfjordungen er ein grendeskule for bustadområda vest for kommunesenteret på Voss. Skulen har ei flott utsikt over Vangsvatnet der Gråsida kan spegla seg på vindstille dagar.

Det er tilsaman 126 elevar og 23 tilsette ved skulen.

Rektor og inspektør deler ansvar for leiing og administrasjon. 60% til rektor og 40% til inspektør. Dei har kontinuerleg samarbeid om skulen si drift og utvikling.

Pedagogisk personale er organisert i team; 1. – 4. teamet og 5. – 7. teamet.

Teama har kvar sin teamleiar. Teamleiar organiserar og driv fram arbeidet i tema.

Grunnlaget for teamarbeidet er skulen sine satsingsområde.

Skulen har og ein ressurs til IKT arbeid. Ein av lærarane nyttar denne ressursen for å støtta resten av kollegiet.

SFO har eigen pedagogisk leiar. SFO har fast møtetid ein gong i veka.

Assistentar og miljøterapeut er fordelt på ein del av årsstega og på SFO.

Visjonen til skulen er under utvikling. Personalet har arbeidd med den i løpet av det siste halvanna året og kome fram til åtte omgrep som dei syns er viktige. Desse omgrepa skal ein arbeide vidare med slik at det vert ei felles forståing av omgrepa i personalgruppa og hjå elevane.

Satsingsområde for dette året:

- Lese og skriveopplæring:
 - Auka lesefart og auka leseforståing. Betra rettskrivinga.
 - Forbetra resultat på kartleggingsprøvar.
 - Arbeide systematisk med oppfyljing av kartleggingsprøvar.
- Digitale verktøy skal brukast på alle steg i fag der det er naturleg.
- Arbeide ut gode vurderingskriterier.

3 – Vurderingstema

Frå 1. august 2009 vart det gjort gjeldande ny forskrift om individuell vurdering.

Framover vert det difor viktig å sjå på vurdering og tilpassa opplæring med fokus på elevvurdering. Dette vil prega skulen sitt arbeid vesentleg dette skuleåret. Ein

ynskjer å få til ein god kultur for elevvurdering ved skulen, og ein vil i større grad enn tidlegare nytta elevvurdering som ein nyttig reiskap for å fremja læring hjå den einskilde elev. Grunnen til dette er at alle elevar har krav på tilpassa opplæring.

Elevane skal oppleve elevvurdering som ei klar tilbakemelding på kvar ho/han ligg i høve til kva som vert forventa, samtidig som eleven skal få god tilbakemelding på kva ho/han skal gjera for å nå måla. Dette gjeld både faglege og sosiale mål.

Tema for ekstern vurdering veke 45 2009: Elevvurdering



4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.





ELEVVRDERING	
Kriterium	Teikn på god kvalitet
Vurderinga stimulerer til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none">- vurderinga motiverer eleven- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen- vurderinga gjev tilbakemelding om framgang- elevar og foreldre kjenner læringsmåla- elevane får gjennom vurderinga vita korleis dei skal nå læringsmåla- elevar, lærarar og dei føresette veit kva som skal vurderast- eleven får vere med på å bestemme noko av det som skal vurderast- vurderinga er tilpassa, med fokus på eleven sine sterke sider
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">- eleven får skriftleg og/eller munnleg tilbakemelding på arbeidet sitt- det vert gjennomført elevsamtalar/ fagsamtalar og utviklingssamtalar- eleven får rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert medviten om kva han kan forbetra- vurderinga skaper dialog mellom skule og heim
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">- vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetansen- vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim- vurderinga vert brukt for å leggje til rette for tilpassa opplæring- vurderinga fremjar eleven si evne til å gjera beviste val- eleven er bevist på eigne læringsprosessar
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">- skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering for elevvurdering- skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen- vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse- skulen har system for kartlegging og oppfølging av resultat
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting- personalet er opne for endringar- skulen vurderer jamleg verksemda si- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- leiinga gjev god informasjon- dei tilsette søker informasjon sjølv



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Elevar, foreldre, tilsette på skulen og rektor.
- Eksterne: Marita Velure Steine og Inger Sekse

Grunngeving for val av informantar:

Elevvurdering er viktig for alle partar i skulekvardagen, difor valde me å bruka eit breitt spekter av informantar.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Aktivitet	Ansvar
10.09.09	Vurderingsveke fastlagt til veke 45	Skulen og vurderarane
10.09.09	Vurderingstema: Vurdering for læring	Skulen
12.10.09	Formøte mellom vurderarar og leiinga på skulen kl. 14.00. Møte mellom vurderarar og personalet kl. 14.45	Vurderarane og skulen
September	Glansbilete for vurderingsområdet vert utarbeidd og sendt skulen	Vurderarane og rektor
Oktober	Glansbiletet vert drøfta av dei tilsette på Gullfjordungen skule. Skulen sender melding om at dei godkjenner glansbiletet innan 27.10.09	Rektor og vurderarane
Veke 42	Skulen får tilsendt tidsplan og brev til foreldre med invitasjon til foreldremøte. Kallar inn klassekontakt og FAU-representant med vara frå alle klassane. Tidsplanen bør presenterast for dei tilsette.	Vurderarane og rektor
Veke 43	Skulen sender ut informasjon om ekstern vurdering. Skulen sender invitasjonen til foreldremøtet vidare til foredrerepresentantane i FAU (to frå kvar klasse). Skulen kallar inn til framleggjing av rapport torsdag	Rektor



	5. november kl. 14.15 – 15.15. Det er viktig at skuleeigar er representert.	
01.10.09	Arbeidsmøte vurderarar, førebu samtaleguidar og foreldremøte	
Veke 45	<p>Informasjonsmøte med dei tilsette måndag morgon kl. 8.15 på pauserommet. Intervju og observasjon. Samtale med rektor kvar dag.</p> <p>Måndag 02.11.09 1. klasse: Observasjon i klassen: kl.08.45 – 09.15. Intervju av elevar i 1. klasse kl.09.15-09.45 2. klasse: Observasjon: 10.00-10.30 Intervju av elevar i 2. klasse: 10.30-11.00 Kl.12.00 – 12.45 . Vurderarane nyttar SFO møtet.. assistentar, førskulelærar (SFO leiar) og miljøterapeut. Kl.13.30 til 14.30. Lærarane på 1. -4. steget. Kl.14.30 til 15.30. Lærarane på 5. – 7. steget.</p> <p>kl 18.00 – 19.30 Foreldremøte</p> <p>Tysdag 03.11.09 3. klasse: Observasjon : 08.45 - 09.15 Intervju av elevar i 3. klasse: 09.15 - 09.45 4. klasse: Observasjon 10.00 - 10.30 Intervju av elevar i 4. klasse 10.30 - 11.00 5. klasse: Observasjon 11.45 – 12.15 Intervju av elevar i 5. klasse 12.15 – 12.45</p> <p>Onsdag 04.11.09 7. klasse: Observasjon 08.45 - 09.15 Intervju av elevar i 7. klasse 09.15 – 10.00 6. klasse: Observasjon 10.15 - 10.45 Intervju av elevar i 6. klasse 11.45 – 12.15</p> <p>Vurderingsgruppa arbeider med rapporten</p> <p>Torsdag 05.11.09 Kl. 13.20 – 13.50 Samtale med rektor/leiinga Kl. 13.50 – 14.15 Tilrigging Kl. 14.15 – 15.15 Presentasjon av rapporten for personalet, ordførar og rådmann.</p>	Rektor legg til rette. Vurderarane treng eit rom til disposisjon.
Veke 46	Rapporten/dokumentet vert sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Skulen får også alle resultat av samtalar elektronisk. Den offisielle delen av rapporten vert sendt til kompetanseregionen og vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida.	Vurderarane
Innan 15. desember	Skulen evaluerer vurderingsveke og sender svar innan ein måned til Inger Sekse som vidare sender svaret til leiar i vurderingsgruppa, Aud Opheim Lygre.	Rektor og Inger Sekse



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument: resultatet av ståstadsanalysen skuleåra 2007/08 og 2008/09, verksemdplan, pedagogisk verksemdplan, arbeidsnotat frå visjonsarbeidet, vekeplanar, arbeidsplanar og resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K-06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med nokre endringar endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre, pedagogar og andre tilsette. Tema i desse samtalanane er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane og FAU-representantane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor danner grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i alle klassane om lag ein halv time. Dette vart gjort i forkant av elevintervjua i den same klassen.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet



Vurderinga stimulerer til utvikling og læring

- *elevlar og foreldre kjenner læringsmåla*

Både elevlar, foreldre og tilsette er samde om at læringsmåla for veka og for året kjem tydeleg fram i vekeplanar og årsplanar. Dei fleste elevane finn læringsmåla på vekeplanen og ein del kjenner til halvårsplanane.

Sitat frå foreldremøtet:

«Det er god oversikt med vekeplanar.»

«Det er tydelege læringsmål på vekeplanane og vekeprøvar der dei kan sjå om dei har nådd måla.»

Her har skulen kome langt, hald fram med det gode arbeidet og fokuser på å verta endå tydelegare og meir konkret i utforming av elevane sine kompetansemål i alle fag!

- *vurderinga motiverer eleven*

Elevane opplever at dei får lyst til å lære meir og bli betre når dei får god respons, skryt eller konstruktiv tilbakemelding på arbeidet sitt. Sitat frå elev: «Eg blir litt glad inni meg og litt flau for ho smigrar meg på ein måte.»



Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt

- *elevane får skriftleg og/eller munnleg tilbakemelding på arbeidet sitt*

Nokre set pris på ein stor R eller eit smilefjes som ei stadfesting på at læraren har annerkjent arbeidet deira. Dei fleste klassane har veketestar der dei får skriftleg tilbakemelding med konkrete ting dei må arbeide meir med. Prøven vart og trekt fram som eit godt tiltak frå foreldre som får den heim til gjennomsyn. Elevane seier at dei set pris på den skriftlege tilbakemeldinga dei får i arbeidsbøkene til leseaksjonen, etter gloseprøvar og diktat.

- *det vert gjennomført elevsamtalar/ fagsamtalar og utviklingssamtalar*

Skulen har satsa på fleire og hyppigare elevsamtalar i haust. Elevane oppfattar dette som ein-sidedig positivt der dei tek opp både sosiale og faglege emne. Elevsamtalane er ein god arena for individuell rettleiing og tilbakemelding. «Me må bestemma eit mål sjølv kva me skal bli betre på, ein avtale me skal skriva under på.» Denne avtalen blir presentert på foreldresamtalen og fylgt opp seinare. Lærarane ser også nytten av satsinga på elevsamtalane og ein av lærarane seier det så sterkt som: "Elevsamtalen er det beste som har hendt i norsk skule, at elevane får snakke med læraren åleine!"

Elevane er aktive i læringsprosessen

- *elevane er bevisst på eigne læringsprosessar*

På spørsmål om korleis dei lærer best, kom det fram at det var viktig for elevane med variert undervisning. Elevane gav uttrykk for ulike måtar dei lærte best på; ved å lese, arbeide med oppgåver, arbeide saman i gruppe, ved å gjere ting, ved å lytte til andre og ved å fylgje godt med i timen.

Ved at elevane aktivt får vere med å velgje ulike læringsstilar og strategiar trur me vil hjelpa dei til å tenkja meir over eigne læringsprosessar.

- *vurderinga vert brukt til å gje informasjon og for å fremje kontakt mellom skule og heim*

Tilbakemelding på resultatane frå nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar synest foreldra var ein god indikasjon på kor langt barnet deira var komne ut frå dei nasjonale målsetjingane.

Skulen har felles rutinar/system for vurdering

- *skulen informerer elevane og deira føresette om vurderingspraksisen ved skulen*

På spørsmål om kva informasjon heimen får om korleis skulen vurderer elevane si læring, var foreldra nøgde med tilbakemeldingane dei fekk på nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar.



Skulen er ein lærande organisasjon

- *det er lagt til rette for samarbeidslæring/ metodedrøfting*
- *skulen vurderer jamleg verksemda si*
- *leiinga gjev god informasjon*

På SFO er det møte kvar måndag der dei arbeider med utvikling. Dei som arbeider på SFO gjev uttrykk for at desse møta, samt kurs og nettverksarbeid er nyttige og lærerike, men at desverre så får ikkje alle vera med pga 20-timars ramma.

Det er semje om at Gullfjordungen skule vert jamnleg vurdert gjennom ståstadsanalyse, ved gjennomgang av verksemdplan og ved medarbeidersamtalar.

Lærarane samarbeider på team og klassevis, og er nøgd med ordninga sjølv om det ikkje fungerer organisatorisk alltid. Samtlege gjev uttrykk for at det er god informasjonsflyt mellom kvarandre, tilsette og leiinga, dei får mail, beskjed i posthylla, sms og les oppslag på dørtavla. Foreldra tykkjer og at skulen er gode på å informere og tek lett kontakt med heimen om det skulle vera noko.

- *kva er ein god lærar?*

Spørsmålet gav me til elevane og dei hadde sine klare formeiningar om kva som kjenneteiknar ein god lærar. Ein del knytte det dei sa opp mot sin kontaktlærar, medan andre hadde tankar om ein framtidig lærar. Her er nokre av tankane til elevane:

«Forklara og ikkje berre sei svaret».

«Burde vere snill men litt streng, svare ærleg og sei viss det er noko som bør rettast på».

«Nokon som lyttar til elevane, og finn løysingar når me er veldig ueinige».

«Ho/han bør vera morosam, ikkje streng, ein som gjev hjelp».

«Ein som gjev variert undervising».

«At me får læra med å leika. Treng ikkje berre stillesitjing. Ein som hjelper deg».

«At læraren synest at alle elvane er snille og ein som elsker alle uansett om dei er litt slemme».

«At ho tek hensyn til deg».

«Læraren må vera streng mot dei som ikkje er så lydige».

«Ein lærar som lærer oss mykje».


«Me har veldig god lærar, ho forstår ting».

ELLES:

- me har møtt harmoniske og lærevillige elevar
- opne og høflege elevar som svara på spørsmål
- ryddekonkurransen i regi av elevrådet
- me har sett gode læringsmiljø
- kompetente og kunnskapsrike lærarar
- me har møtt aktive og interesserte foreldre
- den eksterne vurderinga har sett i gang ein prosess i personalet der dei er meir medvitne på elevvurderinga.



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



Vurderinga stimulerer til utvikling og læring

- eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen
- eleven får vere med på å bestemme noko av det som skal vurderast

Opplæringslova

§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa

“ Elevane skal være aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilrettelegga og gjennomføra opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her.”

I skulekvardagen betyr medverknad å gi elevane høve til å delta i ulike sider ved tilrettelegginga av opplæringa.

Det krev meir av av både elevar og lærarar. Elevmedverknad handlar om å gjere elevane meir aktive i eigen læreprosess. Det handlar om å syta for at elevane har oversikt og kontroll over kva som skal lærast i bestemte periodar, kan vera med å påverka og om å læra av egne erfaringar.

Ein kan ikkje venta at å medverka er noko alle elevar kan den dagen dei startar på skulen, det må lærast!



(Forskning viser at elevar som er aktive og medverkar er meir motiverte og at dei får betre tilpassa opplæring. Betre oversikt over eigen opplærings situasjon fører til betre trivsel og betre resultat på skulen.)

Elevane på Gullfjordungen skule er tydelege på at dei i liten grad er aktive i vurderinga. Dei eldste elevane vurderer seg sjølve i samband med veketestane og arbeidsplanane.

Nokre lærar uttalar at dei små elevane ikkje skjønar dette med vurdering. Men det vert også sagt at det er lettare dersom måla er svært konkrete eller tydelege. Små born har også ein tanke om kva mål dei har, eg skal læra meg å sykla, lesa, skriva 2-tal, knyta skolisser, verta fotballproff....

Ståstadsanalysen frå dei to siste skuleåra syner også at skulen har eit stykke att i arbeidet med at elevane får trening i å vurdere det dei har lært. Men ståstadsanalysen syner framgang frå skuleåret 2007/08 til skuleåret 2008/09.

På elevsamtalane vil det vera naturleg å samtala om mål for den komande perioden og vurdere mål som ein har hatt i perioden før. Nokre klassar har nett starta dette arbeidet. Det er viktig at det vert arbeid godt med og vidareført til alle klassar og på alle steg!

- *elevane får gjennom vurderinga vita korleis dei skal nå læringsmåla*

Tilbakemeldingane frå elevar og tilsette på om elevane gjennom vurderingane får vita korleis dei skal nå læringsmåla varierer svært mykje. Gjennom observasjon har me også sett og høyrte at det er svært ulik praksis på skulen. I dei minste klassane er det stor bruk av smilefjes og klistremerke. Det kan gje eit signal til elevane om at læraren har sett arbeidet og at arbeidet er bra. Men det er ikkje ei framovermelding, kva må eleven arbeide med for å nå målet? Me har og så fått tilbakemelding om at det er ulikt kva nytte nokre av lærarane ser i elevsamtalen. Ei tilbakemelding var: "Kjenner elevane så godt etter kvart, ikkje alle treng å snakka med læraren så lenge". Elevsamtalen er ein svært viktig arena for fagleg tilbakemelding og framovermelding. Skulen må sikra at alle lærarane vert trygge på denne arbeidsmåten.

- *elevar og foreldre kjenner læringsmåla*

Læringsplattformen «pedit» vart nemnt i samtalar med både foreldre, elevar og tilsette. Det gjekk mest på frustrasjon over at dei ikkje fann planane, og kanskje misoppfatningar om kva andre la ut på nettstaden.

Ein lærarar nemnde den som eit enkelt reiskap til eleven viss han/ho skulle rette tekstar.

Det er sagt til foreldra og i informasjonsheftet som vart sendt ut til heimane i haust at pedit skal brukast meir aktivt. Vekeplanar skal vere råd å finne der, slik at både elevar og foreldre kan sjå kva planen for veka er, kva som er lekse og kva som er målsetjinga.

Me vurderarane har vore inn på denne nettsida og funne mykje informasjon om skulen, fine bilete og ryddig oppsett.

Alle foreldre er ikkje trygge i bruken av pedit enno. Skulen må sikra foreldre er kjende med læringsplattforma og at nye foreldre får opplæring.



Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt

- *elevane får rettleiing og vurdering undervegs slik at han vert medviten om kva han kan forbetra*

Forskrift til opplæringslova, individuell vurdering i grunnskolen § 3-11 Undervegsvurdering

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i faget.

Me har sett, høyrte og fått fortalt at elevane på Gullfjordungen skule får tilbakemelding og rettleiing undervegs i arbeidet sitt. Me har også sett at ein del av dei skriftlege vurderingane inneheldt lite framovermeldingar. Kva konkret må eg gjere for å utvikla kunnskapen min vidare? Foreldra sende også signal om at dette var svært avhengig av kva lærar eleven hadde.

Det er nytt at vurderinga bevisst skal brukast som ein reiskap i læreprosessen. Difor må både elevar og lærarar lærast opp og verta bevisste på korleis dette kan gjerast. Det må lagast system som sikrar at alle elevane får den rettleiinga og vurderinga han/ho har krav på, og at foreldra veit at slik gjer ein det på Gullfjordungen skule.

Elevane er aktive i læringsprosessen

- *vurderinga fremjar eleven si evne til å gjera bevisste val*
- *elevane er bevisst på eigne læringsprosessar*

For at elevane skal vera bevisst på eigne læreprosessar, må dei kjenna til ulike måtar å læra på. Me fekk mange tilbakemeldingar frå elevane på at dei ikkje var klar over korleis dei lærde. Me må øva meir, me må pugga meir, me må lesa fleire gonger og me må høyra godt etter kva læraren seier var svar som gjekk att på spørsmålet om korleis dei lærde. Nokre elevar var klar over at dei lærde ved å vera meir aktive og at dei sakna meir utforskande læring. "Når me sit for mykje i ro, vert det lett kjedeleg slik at me begynnar å dilla med alle slag duppedittar".

Skulen har felles rutinar/system for vurdering

- *skulen har system og rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering*
- *vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse*

Samtalar med elevar og tilsette syner at det er stor variasjon i rutinar for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering. Det var stor forvirring på det ein intervjuet om arkivering av dei nasjonale prøvane:

- Tar vare på nasjonale prøvar.
- Me skal vel ikkje ta vare på dei? Fekk beskjed om å makulera.
- Dei skal ikkje sendast heim?



Oppbevarast i arkiv eller makulerast? Systemet er ikkje tydeleg for alle. Leiinga må snarast syta for at alle kjenner systemet for dokumentasjon og arkivering av nasjonale prøvar.

Vurderarane har ikkje funne at Gullfjordungen skule har noko felles system for at vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse. Tilbakemeldingane frå dei tilsette har gått på at dette har vore opp til kvar einskild, men at ein no skal ta fatt på arbeidet med å laga eit felles system. Fram til no har dette vore svært ulikt frå klasse til klasse. Nokre har hatt "private" system for dokumentasjon arkivert i egne, låsbare skåp. Andre har hatt meir "tilfeldige" system. "Vi arkiverer ingenting." " Eg lagar mappe på alle." "Litt opp til kvar kontaktlærer."

Leiinga må syta for at skulen brukar tid på å utarbeida system for at vurderinga vert brukt for å dokumentere kompetanse til elevane uavhengig av kva for lærar eleven har og uavhengig av kva klasse eleven går i.

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 05.11.09

Marita Velure Steine

Inger Sekse



Vedlegg 1

1 – Dette sa elevane

Vurderinga stimulerer til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får du vita kva du skal læra?• Når de får tilbakemelding på arbeid, får de lyst å læra meir? Kvifor?• Korleis får du vita kva du må gjera for å verta betre?• Er du med og vurderer eige arbeid/læring? Fortel om det.• Får du vera med å bestemma kva som skal vurderast? Kva?• Veit foreldra kva du skal læra?
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• Seier lærarane noko om det heimearbeidet/skularbeidet de gjer? Fortel.• Skriv læraren noko om det arbeidet de gjer? Fortel.• Fortel om elevsamtalen.• Får de rettleiing medan de arbeider med oppgåver? Korleis?
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">• Kva kan du gjera for å læra/verta betre?• Korleis lærer du best?• Kva kan du vera med å bestemma når det gjeld mål og vurdering?
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">• Seier læraren kva som vert vurdert? Fortel.
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Kva er ein god lærar?



Vedlegg 2

2 – Spørsmålsguide - foreldre

Set opp punkt som de meiner Gullfjordungen skule er flink til	
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	
Vurderinga stimulerer til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none">• Kjenner elevar og foreldre læringsmåla? Korleis?• Korleis veit elevar og dei føresette kva som skal vurderast?
Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt	<ul style="list-style-type: none">• Kva tilbakemeldingar på elevane sitt arbeid får de sjå?• Er tilbakemeldingane frå lærar slik at de kan sjå kva eleven skal gjera for å verta betre?
Skulen har felles rutinar/system for vurdering	<ul style="list-style-type: none">• Kva informasjon får de om korleis skulen vurderer elevane si læring?



Vedlegg 3

3 – Spørsmålsguide - tilsette

<p>Vurderinga stimulerer til utvikling og læring</p>	<p>Korleis motiverer vurderinga eleven?</p> <p>Er eleven er aktiv og tek medansvar i vurderingsprosessen? Korleis?</p> <p>Korleis får elevar og foreldre greie på læringsmåla?</p> <p>Får elevane gjennom vurderinga vita korleis dei skal nå læringsmåla? Korleis?</p> <p>Korleis får elevar og føresette vita kva som skal vurderast ?</p> <p>Får eleven vere med på å bestemme noko av det som skal vurderast? Kva?</p> <p>Er vurderinga tilpassa, med fokus på eleven sine sterke sider?</p>
<p>Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt</p>	<p>Korleis får elevane skriftlege tilbakemeldingar?</p> <p>Kva er innhaldet skriftlege tilbakemeldingar?</p> <p>Korleis får elevane munnlege tilbakemeldingar?</p> <p>Kva er innhaldet i munnlege tilbakemeldingar?</p> <p>Fortel om elevsamtalen</p>
<p>Skulen har felles rutinar/system for vurdering</p>	<p>Kva system og rutinar har skulen for dokumentasjon og arkivering av elevvurdering?</p> <p>Kva system for kartlegging og oppfølging av resultat har skulen? Kven sitt ansvar er dette?</p> <p>Korleis vert elevar og foreldre informerte om vurderingspraksisen til skulen?</p> <p>Korleis dokumenterer de kompetansen til elevane?</p>



	Kva system har de for oppfølging av kartleggjingsprøver?
--	---